

ARBEIDET MED NYNORSK RETTSKRIVING

MØTE I NEMNDA, PÅ VOKSENÅSEN 8. JUNI 2010 KL. 12.00–19.00 OG 9. JUNI KL. 8.30–14.30

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetaas, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

1 Godkjenning av innkalling, referat og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjende. Referatet var godkjent via e-post tidlegare.

Ragnhild melde at ho gjerne ville ha flytt møtet som er sett opp 15. oktober.

2 Meldingar

A Møte

- 16.4.: Åse Wetaas var på møte med det gamle og nye styret i Litteraturselskapet i Samlaget og orienterte om arbeidet vårt, fordi Grete var oskefast i Bergen.
- 30.4.: Grete Riise og Aud Søyland hadde møte med Allegro Språktjenester og professor Helge Sandøy i Bergen.
- 27.5.: Tore Elias Hoel var på Høgskolen i Bodø og hadde innleiing for studentane om arbeidet i nemnda.
- 2.6.: Grete Riise hadde møte med styret i Språkrådet, og gav ei statusmelding om arbeidet vårt.
- 5.6.: Aud Søyland var på styremøte i Noregs Mållag, og orienterte der om arbeidet vårt så langt.

Vidare møte:

- 23.6.: Nynorsk forum har møte i Ørsta. Det bør gå an å koma inn på saklista der med ei orientering.
- 26.6.: Ivar Aasen-instituttet arrangerer debattmøte i Ivar Aasen-tunet som del av Dei nynorske festspela. Grete Riise (rettskrivingsnemnda), Unn Røyneland (Ivar Aasen-instituttet) og Lars Vikør (Universitetet i Oslo) er bedne om å innleia. (Sjå <http://www.aasentunet.no/default.asp?id=10445&menu=4405>)
- 19.8.: Møte med Bibelselskapet/Verbum Forlag. Forlagssjef Turid Barth Pedersen har på vegner av redaksjonen for Bibel-omsetjinga invitert oss til møte. Grete og Aud dreg dit.

23.8.: Møte i fagråd 3. Grete har bedd om å få koma og orientera. I tillegg blir Unn og Aud med. Til møtet vårt 18. august bør me ha eit oppsummeringsdokument som viser arbeidet vårt så langt.

Desse vil me elles prioritera å møta framover:

- Bergen: Universitetet i Bergen, Bergens Tidende og Språkkonsulentene DA, post@sprakkonsulentene.no
- Sogn og Fjordane: Høgskulen i SoF, NRK Nynorsk mediesenter, Hafstad vidaregåande skule, nynorsk næringsliv (t.d. Lerum), Høgskulen i Volda og Ivar Aasen-instituttet
- Oslo: Jan Terje Faarlund, Utdanningsforbundet og Erik Bolstad (om yr.no).

B Innspel

Voss mållag v/Arvid Langeland har vedteke ei fråsegn som Langeland bad om å få lagt fram for nemnda. Aud Søyland las opp fråsegna, som kommenterer vegvala nemnda gjer.

Åse Wetaas har fått tilgang til heile nynorsk Wikipedia, og vil sjå gjennom språkbruken der.

C Utspel

Grete har laga utkast til eit brev som er stila til alle aktuelle høyringsinstansar. Me tek utgangspunkt i dei som var inviterte til den førre høyringa, men ber òg sekretariatet i Språkrådet om å oppdatera lista før vi sender ut brevet. Der informerer me om prosessen, høvet til å gi innspel undervegs og inviterer dei til den opne høyringa på Språkmøtet 21. februar 2011.

D Innsamling av materiale til Nynorskkorpuset

Alt materiale frå fylkesmennene er innsamla, og frå seks av åtte kommunar som me hadde plukka ut. Synnøve arbeider vidare med statlege dokument. Storparten av fylkesmannsmaterialet er lagt inn i Nynorskkorpuset, og korpuset inneheld no 49,4 millionar ord.

Det er ikkje avklara om vi får tilgang til dei innleverte elevoppgåvene i norsk hovud- og sidemål for vidaregåande skule i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. Saka ligg til vurdering i juridisk avdeling i Utdanningsdirektoratet.

E Møteplan framover

Møteplanen framover:

18. august	Meir om lydverk og substantiv, dessutan pronomen, verb
14. september	Verb
11.-12. oktober	Verb, samsvarbøying

9. november	Ny gjennomgang av førebels vedtak
14. desember	Framhald ny gjennomgang
13.–14. januar	Framhald ny gjennomgang, klargjering til høyring
20. februar	Førebuing til høyring
21. februar	Høyring
3. mars	Gjennomarbeiding av høyringsmerknader. Endeleg vedtak.
29. mars	Gjennomgang av endeleg sakspapir
1. april	Overlevering av endeleg sakspapir

Grete føreslår at me har møtet 3. mars i Ørsta, på Aasen-tunet. Då kan me seia at nynorsken er normert på eigen grunn!

3 Nynorsk 2011 – noko me bør følgja opp?

Retninga på dei forskjellige innlegga er litt ulik, alt etter kva forum dei kjem i. Innlegga på bloggen forsvarar i stor grad den tradisjonelle nynorsken, mens innlegga på e-post i større grad forsvarar dei "radikale" formene. Innspel som går att:

- Me må reversera norma og retta opp skadar som skjedde i tidlegare normeringar.
- Me har vore for strenge i normering av y og ø.
- Me må behalda sjela i nynorsken.
- Me må ha *noe* og *mye*. (Dei som ønskjer det, skriv helst e-post.)
- Me må skapa større konsekvens i nynorsken.

4 Litteratur som nemndsmedlemmene skulle lesa – noko relevant?

Ragnhild og Svend Arne har lese:

Ims, Ingunn Indrebø. 2007. *"Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver": en undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis*. Hovudoppgåve i nordisk språk, UiO <http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=080104363&kid=biblio>

Oppsummering:

"Dei fleste avisene oppgjev offisiell rettskriving som normgrunnlag. Dei som seier at dei har ei intern norm, oppgjev at det er av di dei vil liggja nærare talemålet i området. Inga fastsett norm – forklart med lokalt tilsnitt og at journalistane får skriva slik dei vil, truleg innanfor offisiell rettskriving. Når det gjeld ordval, stemmer det avisene oppgjev, med praksis.

Flest lokalaviser oppgjev at dei vil ha ein talemålsnær nynorsk i spaltene (s. 106–107).

Det er like mange nynorskaviser som synest norma er for vid, som det er aviser som ikkje synest det (s. 139).

Det ser ut til å vera stor aksept for å bruka begge former når norma opnar for det (s. 148). Dei sideformene som færrast aviser tillet, er *trulig, funni, tidi, hamar, glømme, so, nå, bare, noen, da* og *høre*. Dei sideformene dei slepper til mest: *fylgje, bygge, gamal, lenke* (s. 149).

Nynorskavisene seier at dei vil leggja skriftspråket i avisene opp mot talemålet på staden. Det er ikkje alltid samsvar mellom skriftpraksis og det eigentlege talemålet.”

Sagt i møtet: Ims er interessant som bakgrunnslesnad, om ikkje heilt nødvendig for heile nemnda å lesa.

Karin og Tore Elias har lese:

Akselberg, Gunnstein. 2003: "Praksis og haldning til valfridomen i den nynorske skriftnorma hjå elevar som har nynorsk som hovudmål." I Omdal og Røsstad 2003.

Berg, Celia. 1999. "Valfridomen og eleven : om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis" i Omdal, Helge (red.) 1999. *Språkbrukeren – fri til å velge? : artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder (S)

Oppsummering:

"Granskinga til **Akselberg** viser at dei som meistrar den nynorske skriftnorma rimeleg godt, har ein større tendens til å ha ei positiv haldning til stor valfridom i skriftnormalen. Lærarar og elevar som ikkje har dagleg nærkontakt med det nynorske skriftspråket, og som heller ikkje har dagleg nærkontakt med eit dominerande bygdetalemål, har eit konservativt syn på korleis det nynorske skriftspråket skal sjå ut. Bokmålslevane nyttar eit heller konservativt skriftspråk, medan nynorskelevane nyttar eit meir talemålsnært – og eit meir "radikalt" eller "moderne" skriftspråk.

Granskinga til **Berg** viser at nynorskbrukarane er opptatt av at ein uttrykkjer identitet gjennom skriftspråket, på same måten som ein gjer gjennom talespråket. Bokmålsbrukarane er derimot meir opptatt av den instrumentelle sida ved skriftspråket. For dei er det viktig at skriftspråket er "presist", "eksakt", "utvetydig" og "korrekt". Difor ynskjer dei ei stram norm.

Kjennskapen til valfridommen i skriftnormalen er generelt liten blant språkbrukarane. Dette viser seg å vere ein nedprioritert del av norskundervisninga, og det kan ha konsekvensar for implementeringa av nye ord og former."

Sagt i møtet: Dei som har nynorsk som hovudmål, er meir positive til valfridommen enn dei som har det som sidemål. Men dei kjenner ikkje nødvendigvis valfridommen så godt. Mange lærarar tilrår òg elevane å velja former som er midt på, av omsyn til sensuren.

Unn og Åse har lese:

Anderson, Ragnhild. 2007. "Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i "nynorskland" i Gunnstein Akselberg og Johan Myking. 2007. *Å sjå samfunnet gjennom språket : heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus

Jansson, Benthe Kolberg. 1998. *Fri til å velje? : ei undersøking av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærer-utdanninga*. Hovudoppgåve i nordisk språk / norskdidaktikk, Universitetet i Oslo

Nordhagen, Johanne. 2006. Nynorsk som sidemål i skolen : en undersøkelse av allmennlærerstudenters personlige og yrkesprofesjonelle holdninger. Hovudoppgåve i nordisk

språk, Universitetet i Oslo.

<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=061618845&kid=biblio>

Oppsummering:

”Når det gjeld utgreingar om studentoppgåver og lærarutdanning, viser undersøkingane at norma er dårleg implementert, og at det ikkje blir gitt systematisk opplæring i den valfridommen elevane og studentane har til å bruka former som t.d. ligg nært eige talemål. Empiriske studiar (m.a. Omdal 2004b) dokumenterer at mange studentar og lærarar ikkje bare er usikre på valfridommen innanfor norma, men at dei òg i mange tilfelle manglar kunnskap om kva som er innanfor og utanfor den gjeldande rettskrivinga.

Funn i litteraturen tyder vidare på at elevar kan vera tilbakehaldne med å bruka visse former i skriftlege arbeid, fordi dei opplever at lærarane ikkje har god nok normkunnskap, og at dei i verste fall kan feilretta mindre brukte former innanfor rettskrivinga.

Undersøkingane i Jansson (1998) viser at undervisarar i lærarutdanninga vurderer normkunnskapen til studentane sine som svært mangelfull. Studien til Jansson (op.cit.) viser òg at sjølv om lærarar i lærarutdanninga meiner det er viktig at lærarar i grunnskolen skal tilby elevane å skriva talemålsnært, er det få som gjev rettleiing i bruk av talemålsnære former.

I møtet 8. og 9. juni blei nemnda orientert av UR og ÅW om innhaldet i studiane til Anderson, Omdal, Jansson og Nordhagen. Det er vår vurdering at det er viktig at nemnda er kjend med denne delen av faglitteraturen på feltet, og me vurderer vidare at samandraga i Søfteland (2008) gjev eit godt bilete av innhaldet i dei nemnde arbeida.”

Sagt i møtet: Alle bør lesa oppsummeringane til Søfteland. Dei er gode og dekkjande for dei lengre versjonane. Me manglar forskning på korleis språket i lærebøkene påverkar undervisningsspråket.

5 Normering – Lydverket

Innleiande drøfting om vokalisme

Problemstillinga *noe, mye, nå, bare*: *Mye* har ikkje fått gjennomslag i dag, sjølv om det er jamstelt. Derimot har *skole* stort gjennomslag.

Tore Elias Hoel vil undersøkje ein del nynorske lærebøker for å sjå kva slags former som er i bruk i dag. Signalfunksjonen til dei austnorske formene er viktig, men må vegast opp mot omsyn som skriftspråkleg tradisjon og talemålsgrunnlaget i område med nynorsk opplæringsmål i grunnskulen.

Skule og *skole*: *Skole* blir brukt som samform i namn på høgskolar. Den samforma mistar me viss me gjer *skule* til eineform. Samtidig har me som prinsipp at normeringa skal skje på eigen grunn.

Me veit for lite om bruken blant ”vanlege brukarar”, og burde undersøkje t.d. KAL-materialet, eksamensoppgåver frå vidaregåande, nynorsk Wikipedia.

Der det er innarbeidde samansetningar med ordet, bør me velja den innarbeidde forma.

Me drøfta nokre prinsipp for når det er grunn til å behalda valfrie former, men gjorde ikkje noko vedtak:

1. Blant dei 500–1000 mest frekvente orda i språket kan det vera aktuelt å behalda valfrie former, dersom begge former står sterkt.
2. Klammeformer som står sterkt trass i at dei har vore klammeformer, kan det vera aktuelt å behalda som valfrie former.
3. Former som ikkje har vore tillatne før, men som står sterkt i skriftspråket, må vurderast og eventuelt tillatast attåt gjeldande form av ordet.

Prinsipp for å føra opp ord som to forskjellige oppslagsord:

1. Orda har opphav i ulike språk. Døme: *grysja/grøssa*.
2. Orda har (til dels) ulikt semantisk innhald. Døme: *lut/lott*.
3. Orda har ulik bøying. Døme: *skuva/skyva*.

Førebels vedtak om vokalisme:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:	Merknad:
a - e		
<i>altar</i> s.	<i>alter</i>	
<i>annan</i> detern	<i>annen</i>	
<i>berre</i> adv.	<i>bare</i>	
<i>hjarde</i> n.	<i>hjerte</i>	
<i>jern</i> n.	<i>jarn</i>	
<i>-landsk</i> suffiks	<i>-lendsk</i>	
a - å		
		<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.: Utsett til me har meir opplysningar
o - u		
<i>skule</i> m.	<i>skole</i>	
<i>skulera</i> v.	<i>skolera</i>	
<i>sommar</i> m.	<i>sumar</i>	
o - å		
<i>drope</i> m.	<i>[dråpe]</i>	
<i>flåte</i> m.	<i>flòte</i>	
<i>no</i> adv.	<i>[nå]</i>	
<i>tola</i> v.	<i>[tåla]</i>	
<i>tolmod</i> n.	<i>[tålmod]</i>	
u - y		
<i>skuva</i> el. <i>skyva</i> v.		Orda har ulike bøyingar og skal først opp kvar for seg.
Enkeltord		
<i>audmjuka</i> v.	<i>audmykja [audmyka]</i>	
<i>før</i> f. (renne i åker; reise; spor)		Har vore gjeldande skrivemåte og skal framleis vera det.

		<i>foregå</i> el. <i>føregå</i> v.: Nemnda ønskjer ei sak om alle ord med <i>fore-/føre</i> , ev. som har <i>føre-</i> i dag, men <i>fore-</i> i tale.
		<i>foreslå</i> el. <i>føreslå</i> v.: som ovanfor.
		<i>førestella</i> el. <i>førestilla</i> v.: Skal gå likt med andre på <i>-stella</i> . Nemnda ønskjer ei sak om <i>-stella/-stilla</i>
<i>gjera</i> v.	<i>gjøra</i>	
<i>glepp</i> el. <i>glipp</i> m. (i tydinga 'mistak')		Orda har ulikt opphav og ulikt semantisk innhald, og skal først opp kvar for seg.
<i>gleppa</i> v.		Blir ståande som eineform.
<i>leie</i> n.	<i>[lægje]</i>	
<i>mykje</i> adj.	<i>mye</i>	
<i>okle</i> f. el. n., el. <i>ankel</i> m.		Orda har ulike opphav og skal først opp kvar for seg.
<i>olboge</i> m.		Blir ståande som eineform.
<i>oske</i> f.		Blir ståande som eineform.
<i>rôte</i> m.		Blir ståande som eineform.
<i>rotna</i> v.		Blir ståande som eineform.
<i>skjærseld</i> m.	<i>skirseld</i>	
<i>skjærtorsdag</i> m.	<i>skirtorsdag</i>	
<i>skugge</i> m.		Blir ståande som eineform. <i>Skygge</i> n. har ei litt anna tyding.
<i>streta</i> el. <i>stritta</i> v.		Orda har ulike semantiske innhald og skal først opp kvar for seg.
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i> m.		Nemnda ønskjer ei sak om <i>mandag</i> som alternativ til <i>måndag, tysdag/tirsdag</i> og <i>laurdag/lørdag</i> .

Førebels vedtak om diftong/monoftong:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:	Merknad:
Føre m: au/ø		
<i>draum</i> n.	<i>[drøm]</i>	
<i>straum</i> m.	<i>[strøm]</i>	
Føre m: au/o		
<i>flaum</i> m.	<i>[flom]</i>	
<i>flauma</i> v.	<i>[flomma]</i>	
<i>taum</i> m. (snor)	<i>[tom]</i>	

Føre m: øy/ø		
<i>drøyma</i> v.	[drøm̥ma]	
<i>fløyma</i> v.	[fløm̥ma]	
<i>gløyma</i> v.	[gløm̥ma]	
<i>gløymen</i> adj.	[gløm̥men]	
<i>gløymske</i> s.	[gløm̥ske]	
<i>gløymisk(en)</i> adj.	[gløm̥sk(en)]	
<i>gløymsle</i> f.	[gløm̥sle]	
<i>gøyma</i> v.	[gjøm̥ma]	
<i>gøymsle</i> f.	[gjøm̥sle]	
<i>strøyma</i> v.	[strøm̥ma]	
Føre st: au/ø		
<i>raust</i> n. (takrygg)	røst	
<i>rausta</i> v.	røsta	
Føre st: øy/ø		
<i>trøyst</i> f.	trøst	
<i>trøysta</i> v.	trøsta	
Føre sk: øy/ø		
<i>trausk</i> m. (frosk)	trøsk	
Føre r: øy/ø		
<i>høyra</i> v.	høra	
<i>køyra</i> v.	kjøra	
<i>møyr</i> adj.	mør	
<i>røyr</i> f. el. n.	rør	
<i>skøyr</i> adj.	skjør	
<i>øyr</i> f. (sandbanke)	ør	
<i>øyra</i> v. (om elv)	øra	
<i>øyre</i> n. (lekamsdel)	øre	
Føre andre lydar: au/ø		
<i>bønne</i> f.	baune	
<i>lauk</i> el. <i>løk</i> m.		
<i>daud</i> el. <i>død</i> adj.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
<i>daude</i> el. <i>død</i> m.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
<i>dauv</i> el. <i>døv</i> adj.		
<i>løgsta</i> v. (skulda nokon for å lyga)	laugsta	
<i>løp</i> n.	laup	
<i>løpar</i> m.	laupar	
<i>naud</i> el. <i>nød</i> f.		
Føre andre lydar: au/o		
<i>jau</i> el. <i>jø</i> interj.		
<i>kong</i> m. (svull)	[kaun]	
<i>smau</i> n. el. <i>smog</i> n.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg; <i>smog</i> n. har som før tre tydingar.
<i>raun</i> m. el. <i>rogn</i> f. el. m.		Orda har ulike bøyingar og skal førast opp kvar for seg.
<i>tau</i> n.	tog	
<i>trau</i> n.	trog	

Føre andre lydar: øy/ø		
døy v.	[dø]	
løyensk adj.	lønsk	
strø el. strøy n.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
strø el. strøya v.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
trøytt adj.	trøtt	
tø el. tøy m.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
tø el. tøya v.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg
tøy n.	ty	

Førebels vedtak om konsonantisme:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:	
m/mm er jamstelte:		
bramma v. (sjå godt ut, skryta)	brama	
brudgom, brudgomen/brudgommen m.		
-dom, -domen/-dommen suffiks		
-døme/-dømme suffiks		
fremja el. fremma v.		Orda har ulike opphav og bøyingar, og skal førast opp kvar for seg.
hamar el. hammar m.		Fordi hamar ofte er brukt i stadnamn, bør forma bli ståande i nynorsk rettskriving.
homma v. (få hest til å ryggja)	homa	
kimming f. (synsrand)	kiming	
koma el. komma v.		
lem, lemen/lemmen m. (kroppsdel)		
lema el. lemma v. (partera)		
lom, lomen/lommen m.		
medlem, medlemen/medlemmen m.		
søma el. sømma v.		
Enkel m er klammeform no		
dom, dommen el. domen m. (rettsavgjerd)		
dommar el. domar m.		
dommedag el. domedag m.		
dømme el. døma v.		
gamal el. gammal adj.		
kram, krammet n.	[kramet]	
kram, kramme adj.	[krame]	

<i>kummar</i> m. (knopp; rakte)	<i>[kumar]</i>	
<i>lam, lamme</i> adj.	<i>[lame]</i>	
<i>lamma</i> v. (gjera lam)	<i>[lama]</i>	
<i>plomme</i> f.	<i>[plome]</i>	
<i>ram, ramme</i> adj. (stram)	<i>[rame]</i>	
<i>ramma</i> v. (vera ram i smaken)	<i>[rama]</i>	
<i>ramma</i> v. (setja ramme på)	<i>[råma]</i>	
<i>ramme</i> f.	<i>[råme]</i>	
<i>ramma</i> v. (råka)	<i>[råma]</i>	
<i>rom, rommet</i> n.	<i>[romet]</i>	
<i>romma</i> v. (ha plass til)	<i>[roma]</i>	
<i>rømme</i> v. (romma; flykta)	<i>[røma]</i>	
<i>rømme</i> el. <i>rjome</i> m.		
<i>skum, skummet</i> n. (laga skum)	<i>[skumet]</i>	
<i>skumma</i> v.	<i>[skuma]</i>	
<i>stam, stamme</i> adj. (som stammar)	<i>[stame]</i>	
<i>stamma</i> v. (stotra)	<i>[stama]</i>	
<i>stram, stramme</i> adj.	<i>[strame]</i>	
<i>sommar</i> el. <i>sumar</i> m.		
<i>somme</i> determ	<i>[sume]</i>	
<i>tam, tamme</i> adj.	<i>[tame]</i>	
<i>temja</i> el. <i>temma</i> v.		Orda har ulike opphav og bøyingar, og skal førast opp kvar for seg.
<i>tom, tomme</i> adj.	<i>[tome]</i>	
<i>tømme</i> v.	<i>[tøma]</i>	

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:	
<i>n/nn</i>		
<i>danna</i> v.	<i>dana</i>	
<i>drønn</i> n.	<i>drøn</i>	
<i>linning</i> f. el. m.	<i>lining</i>	
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. (betaling)		
<i>lønn</i> f. el. m. (tre)	<i>løn</i>	
<i>mon</i> el. <i>monn</i> m.		
<i>skjøn</i> el. <i>skjønn</i> n.		
<i>stønn</i> n.	<i>støn</i>	
<i>tennar</i> m. (hardved)	<i>tenar</i>	
<i>ven</i> el. <i>venn</i> m.		
<i>venja</i> el. <i>venna</i> v.		Orda har ulike opphav og bøyingar, og skal førast opp kvar for seg.
<i>t/tt</i>		
<i>brot</i> el. <i>brott</i> n.		
<i>kjøt</i> el. <i>kjøtt</i> n.		
<i>kott</i> n.	<i>[kot]</i>	
<i>krøter</i> el. <i>krøtter</i> n.		
<i>let</i> m. (farge)	<i>lett</i>	

<i>lut</i> el. <i>lott</i> m.		Orda har ulikt semantisk innhald og skal førast opp kvar for seg.
<i>nett</i> n.	[<i>net</i>]	
<i>nøtt</i> f.	[<i>not</i>] (og <i>nate-</i>)	
<i>set</i> el. <i>sett</i> n. (det å setja, noko som er sett)		
<i>setja</i> el. <i>setta</i> , <i>set</i> v.	[<i>sett</i>]	
<i>sitja</i> el. <i>sitta</i> , <i>sit</i> , <i>sat</i> v.	[<i>sitt</i> , <i>satt</i>]	
<i>skit</i> el. <i>skitt</i> m.		
<i>skiten</i> el. <i>skitten</i> adj.		
<i>skot</i> el. <i>skott</i> n.		
<i>skott</i> el. <i>skut</i> m. (rom i båt)		
<i>vit</i> el. <i>vett</i> n.		
<i>vita</i> el. <i>veta</i> v.		
<i>vitug</i> el. <i>vettug</i> , <i>vitig</i> el. <i>vettig</i> adj.		Me kjem tilbake til adjektivsuffiksa <i>-ig</i> og <i>-ug</i> .
k/kk		
<i>føk</i> el. <i>fökk</i> n.		
<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i> n.		
<i>lek</i> el. <i>lekk</i> m. (lekkasje), <i>lek</i> el. <i>lekk</i> adj.		
<i>lok</i> el. <i>lokk</i> n.		
<i>møk</i> el. <i>møkk</i> f.		
<i>rok</i> el. <i>rokk</i> n.		
d/o		
<i>mo</i> el. <i>mod</i> adj. (trøytt)		
<i>speida</i> v.	<i>speia</i>	
<i>speidar</i> m.	<i>speiar</i>	
d/dd		
<i>nudel</i> m.	<i>nuddel</i>	
d/t		
<i>flid</i> m.	<i>flit</i>	
<i>mot</i> n.	<i>mod</i>	
<i>mota</i> v.	<i>moda</i>	
<i>radt</i> adv.	[<i>ratt</i>]	
<i>sludd</i>	<i>slut</i>	
<i>tidt</i> el. <i>titt</i> adv.		
g/o		
<i>bleig</i> m.	<i>blei</i>	
<i>bøying</i> f.	<i>bøygning</i>	
<i>dryga</i> v.	<i>drya</i>	
<i>sti</i> el. <i>stig</i> m. (skogs-)		
<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.		
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.		
g/gg		
<i>nag</i> n.	<i>nagg</i>	
p/pp		
<i>kopar</i> m.	[<i>koppar</i>]	
<i>nupereller</i> s.fl. (kniplingsarbeid)	<i>nuppereller</i>	

pappa m.	papa	
----------	------	--

Førebels vedtak om gj og kj:

- Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i former som i dag har *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som sideform. Døme: *bygga/byggja, tenka/tenkja*.

Nemnda ønskjer sakspapir på *ønskja* v. / *ønske* n., *følgja* v. / *følgje* n. osv.

Nemnda ser det ikkje som aktuell politikk å ta inn *j*-en i verbalsubstantiv som er avleidde av stammar som endar på *gj* eller *kj* (t.d. *byggjing, tenkjing*).

6 Normering – Formverket

Endring av kjønn på nokre enkeltord

Førebels vedtak:

Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Denne bøyinga gjeld i dag:	
<i>bise</i> -a, -er, -ene	<i>bise</i> -en, -ar, -ane	
	<i>dialekt</i> -en, -ar, -ane	Framlegget er at <i>dialekt</i> òg kan bøyast som hokjønnsord. Det får følgjer for fleire ord; nemnda ønskjer ei sak på det.
<i>trast</i> el. <i>trost</i> -en, -ar, -ane	<i>trast</i> el. <i>trost</i> -a, -er, -ene; el -en, -ar, -ane	

-ing/-ning

Nemnda ønskjer ei ny utgreiing om *-ing/-ning*, der me får med ord som manglar her, og bruker korpuset for å søkja på frekvens.

Det er generelt lettare for språkbrukarane om det er valfridom i ein del av desse orda.

Bøying av hankjønnsord (gamle i-stammar, ord på -nad, -a)

Førebels vedtak:

- Gamle *i*-stammar (typen *benk, vegg*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. -ar, -ane eller -er, -ene.
- Hankjønnsord på *-nad* og *-a* skal ha fleirtal valfri fleirtalsbøying, dvs. -ar, -ane eller -er, -ene.

Bøying av hokjønnsord (gamle o-stammar, bunden form eintal sterke hokjønnsord, ubunden form eintal linne hokjønnsord, fleirtal linne hokjønnsord)

Førebels vedtak:

- Gamle o-stammar (typen *elv, myr*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. -ar, -ane eller -er, -ene.
- Bunden form eintal av sterke hokjønnsord får -a som eineform (*bygda, sola*).
- Ubunden form eintal [-a] av svake hokjønnsord går ut or rettskrivinga.
- Fleirtalsformene [-or], [-one] av linne hokjønnsord på fell ut or rettskrivinga.

Bøying av inkjekjønnsord (typen auge; bunden form fleirtal)

Førebels vedtak:

- Orda *auge, hjarte* og *øyre* skal ha berre regelrett bøying -et, -, -a.
- Bunden form fleirtal av inkjekjønnsord får -a som eineform (*husa, taka*).

Bøying av nokre enkeltord

Førebels vedtak:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:
<i>mann – mannen – menn – mennene</i>	<i>menner</i>
<i>feil – feilen – feil – feila</i>	<i>feilar – feilane</i>
<i>sko – skoen – sko – skoa</i>	<i>skor – skorne [skoi]</i>
<i>vom – vomma – vommer – vommene</i>	<i>[vommi] – vemmer – vemmene</i>
<i>lus – lusa – lus – lusene</i>	<i>[lusi] – lyser – lysene</i>
<i>mus – musa – mus – musene</i>	<i>[musi] – myser – mysene</i>
<i>mil – mila – mil – milene</i>	<i>[mili] – miler</i>
<i>møbel – møbelet – møblar – møblane</i>	<i>møblet – møbel – møbla [møbli]</i>

Folkenamn og innbyggjarnemningar

Førebels vedtak:

Folkenamn på -ar skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri form utan ending i ubunden form fleirtal, t.d. *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane*.

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (-ar) i ubestemt form eintal, får no obligatorisk ending -ar, t.d. *afghanar, afrikanar* osv.

Me oppmodar Språkrådet om gå gjennom skrivemåten av innbyggjarnamn som i dag har to skrivemåtar, med tanke på å gjera det meir konsekvent, og helst avgrensa det til ein skrivemåte for kvart namn.

7 Ymse

A. Desse problemstillingane tek me opp til debatt i Nynorsk 2011:

- *berre* el. *bare* adv.
- *aleine* el. *åleine*
- *mye* el. *mykje*
- *no* el. *nå*
- *da* el. *då*
- *sundag* el. *søndag*, og alternativ til *måndag*, *tysdag*, *laurdag*
- *noen* el. *nokon*
- *kjøra* el. *køyra*

B. Svar på Nynorsk 2011

Når det gjeld å svara på innlegg som kjem på Nynorsk 2011 eller på e-post, bør me ikkje svara der me er usikre på kva nemnda endar på.

C. Ønskemål for sakspapir

Til neste møte: Samla oversyn over kva me har gjort til no, gjerne førebels variant av det endelege dokumentet. Ta inn argumentasjon frå *Nynorskrettskrivinga* som me har brukt.

Aud Søyland refererte.